



SAKSHANDSAMAR  
Sissel Carlstrøm

VÅR REF.  
14/00521-78

ARK. Forvaltningsarkivet  
351.0

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
23.02.2015

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Odda kommune  
Opheimsgata 31  
5750 ODDA

KOPI



## Odda kommune. Tilsegn om tilskot til stillinga som byantikvar

Riksantikvaren viser til tilskotet til byantikvar i Odda kommune gitt i 2014, og håpar byantikvaren no er kome godt i gang med arbeidet.

Tilskotsperioden er som kjent fordelt over tre år og tilskotet frå Riksantikvaren i år er på kr 400 000. Med utgangspunkt i tidlegare søknad og vedtaket i fjor har Riksantikvaren gjort følgjande vedtak:

Riksantikvaren gir tilsegn om tilskot på 400.000 kroner i 2015 til byantikvarstillinga i Odda kommune frå statsbudsjettet sitt kapittel 1429 post 60 Kulturminnearbeid i kommunane.

Riksantikvaren vil, under føresetnad om vidare løyving i statsbudsjettet, gi tilsegn også i 2016 på 200 000 kroner. I tillegg til økonomisk støtte følgjer vi opp med fagleg støtte og koordinering av eit nettverk for nye og «gamle» byantikvarar. Vi trur dette vil vere nyttig både for kommunane, for den tilsette og for andre delar av forvaltninga. Målet er å få byantikvarstillingane som del av den permanente kulturminneforvaltninga. Når det gjeld organisering og oppgåver for stillinga, viser vi til invitasjonsbrevet vårt og søknadsbrevet frå kommunen.

Riksantikvaren ønskjer jamleg tilbakemelding i form av en kortfatta, skriftleg rapport og annen kontakt. Første rapportering gjøres når det er tilsett ein person, deretter 1. september i 2015 og -16, samt sluttrapport. Stikkord her er erfaringar med organiseringstilknytning, oppgåver, samarbeid med eigarar og frivillige osb. Tilbakemeldingane frå kommunen vil bidra til nyttige erfaringar som det er viktig at resten av kulturminneforvaltninga får innsyn i.


Kommunane pliktar å underrette Riksantikvaren skriftleg dersom det skulle syne seg at tiltaket ikkje kan gjennomførast som planlagd. Vi tar atterhald om at tilskotet kan krevjast attende heilt eller delvis dersom tiltaket ikkje blir gjennomført i samsvar med vilkåra. I følge § 17 i Bevilgningsreglementet har Riksantikvaren og Riksrevisjonen høve til å kontrollere bruken av midla.

Vedtaket kan klagast på til Klima- og miljødepartementet innan tre veker (jfr. forvaltningsloven §§ 28 og 29). Ei evt. klage skal stilast til klageinstansen, med kopi til Riksantikvaren. Tilskotet blir overført Odda kommune når vi har mottatt aksept av vilkår og oppmoding om utbetaling ligg føre - **innan 20. mars**.


Riksantikvaren ser fram til samarbeidet. Ta gjerne kontakt med oss ved behov.

Lykke til!

Vennleg helsing



Jostein Løvdal (e.f.)  
fung. avdelingsdirektør



Ingun Bruskeland Amundsen  
seksjonssjef

Kopi til: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen